



Opplysingar som kjem fram i notatet er ikkje verifisert, og kan ikkje bli nytta som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar.

Notat | Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rullering plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
April 2018

«Rullering plan for
forvaltningsrevisjon 2016-2020»

April 2018

Notatet er utarbeidd for Sogn og
Fjordane fylkeskommune av
Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhold

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing | 4 |
| 1.1 Bakgrunn | 4 |
| 1.2 Gjennomførte prosjekt i perioden 2016-2018 | 4 |
| 2. Kartlegging av risiko | 5 |
| 2.1 Innleiing | 5 |
| 2.2 Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon | 5 |
| 2.2.1 Prioriterte prosjekt | 6 |
| 2.2.2 Uprioriterte prosjekt | 9 |
| 2.3 «Nye» risikoområde | 15 |
| 3. Prosjekt | 16 |
| 3.1 Prosjekt med høg risiko (raudt) | 16 |
| 3.2 Prosjekt med middels risiko (gult) | 16 |
| 3.3 Relevante prosjekt med omsyn til samanslåningsprosessen | 17 |
| 3.4 Aktuelle felles prosjekt med Hordaland fylkeskommune | 18 |
| Vedlegg 1: Statistikk | 19 |

Tabellar

| | |
|--|----|
| Tabell 1: Gjennomførte eller pågående prosjekt | 4 |
| Tabell 2: Vurdering av risiko | 5 |
| Tabell 3: Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 | 6 |
| Tabell 4: KOSTRA-tal om den samla fylkeskommunale økonomien | 19 |
| Tabell 5:KOSTRA-tal egedomsforvaltning | 19 |
| Tabell 6: Tal elevar, skular og lærarar. Kjelde: skoleporten.no | 20 |
| Tabell 7: KOSTRA-tal for opplæringsområdet | 20 |
| Tabell 8: KOSTRA-tal for samferdsleområdet | 21 |
| Tabell 9: KOSTRA-tal om kulturminneforvaltning og regional utvikling | 22 |
| Tabell 10: KOSTRA-tal om kultur og idrett | 22 |
| Tabell 11: KOSTRA-tal om tannhelse | 23 |

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I 2016 gjennomførte revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet ein overordna risiko- og vesentleganalyse av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kontrollutvalet nytta analysen som grunnlag for utvalet sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020. For å sikre at planen framleis speglar dei viktigaste risikoområda i fylkeskommunen, har kontrollutvalet bede revisjonen om å medverke til ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon.

Revisjonen har tatt utgangspunkt i den overordna analysen som blei utarbeidd i 2016 og eksisterande plan for forvaltningsrevisjon, og har gjort ei undersøking for å avdekke eventuelle endringar i risikobilete samanlikna med det som blei peika på i 2016. I dette notatet blir vesentlege endringar som er avdekkja presentert. I tillegg har revisjonen identifisert risikoområde i den fylkeskommunale verksemda som er nye i den forstand at dei ikkje blei identifisert eller var aktuelle då den overordna analysen blei utarbeidd i 2016. Notatet vil bli lagt fram som grunnlag for diskusjon i kontrollutvalet om prioritering av prosjekt.

Notatet bygger på informasjon som revisjonen har samla inn gjennom dokumentanalyse, analyse av KOSTRA-tal, og intervju med fylkesrådmann, assisterande fylkesrådmann og tre fylkesdirektørar. På bakgrunn av informasjonen som er samla inn vil revisjonen under gjere ei oppsummering av risikoar som er identifisert for fylkeskommunen.

1.2 Gjennomførte prosjekt i perioden 2016-2018

I perioden etter at plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 blei vedtatt er følgjande forvaltningsrevisjonar anten gjennomført eller pågåande:

Tabell 1: Gjennomførte eller pågående prosjekt

| Prosjekt | Levert |
|---|-----------|
| Arkiv og offentlegheit | 2017 |
| Innkjøp | 2017 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 2018 |
| Karriererettleiing i vidaregåande skule | Pågåande. |
| Reiseliv | Pågåande. |
| HMT og inkluderande arbeidsliv | Pågåande |
| Møtebøker til desisjon | Pågåande |

2. Kartlegging av risiko

2.1 Innleiing

Med risiko meiner vi her fare for at det førekjem avvik frå mål, regelverk og/eller politiske vedtak. Graden av alvor er i dette notatet farga med anten raudt (høg risiko) eller gult (middels risiko). Vi har gjeve døme på korleis vurderingane blir gjort i tabellen under.

Tabell 2: Vurdering av risiko

| Fargesymbol | Sildring av risikovurderingar |
|--|--|
|  | <p>Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynet) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p> |
|  | <p>Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynet) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p> |

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige vurderinger basert på føreliggande informasjon, og at kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslege her. Det er kontrollutvalet som skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølgja for forvaltningsrevisjonsprosjekt i den rullerte planen.

2.2 Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon

For å kartlegge endringar i risikobilete sidan overordna analyse blei gjennomført i 2016, har revisjonen vald å ta utgangspunkt i dei risikoområda som blei identifisert i 2016 og dei prosjekta som blei føreslått på bakgrunn av dette. Revisjonen har undersøkt i kva grad risikobilete har endra seg for kvart av prosjekta som er tatt med i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. I tabellen under syner vi kva risiko som blei identifisert i 2016, og kva risiko som er identifisert i dag. Vi har kommentert eventuelle endringar.

2.2.1 Prioriterte prosjekt

Tabell 3: Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020

| Nr. | Risikoområde | Årsak | Verknad | Risiko 2016 | Endringar i risikobilete 2018 | Risiko 2018 |
|-----|---|---|--|----------------|--|----------------|
| 1 | Arkiv og offentlegheit | | | | Gjennomført | |
| 2 | Oppfølgingstenesta og helse og miljøretta tiltak ved vidaregåande skular | <ul style="list-style-type: none"> Fokus på fråfall i vidaregåande skule System og rutinar for oppfølgingstenesta Oppfølging av den kommunale skulehelsetenesta <p>Det blir påpeikt i undersøkinga at oppfølgingstenesta spelar ei svært viktig rolle i å hindre fråfall i vidaregåande skule. Frå politisk hald blir det påpeikt at ein ikkje har nok oversikt over korleis denne tenesta fungerer. Også skulehelsetenesta og andre helse- og miljøretta tiltak ved skulane er viktige for å fremje eit godt miljø for elevane.</p> | <p>Risiko for auka fråfall dersom tenestene ikkje fungerer som dei skal.</p> <p>Risiko for at elevar ikkje får den hjelpe dei har krav på.</p> | | <p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har prioritert å arbeide for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, og fylkeskommunen har hatt ein auke i talet på ungdommar som gjennomfører vidaregåande opplæring. Resultatet ligg over landssnittet både samla og når dei skil mellom studieførebuan og yrkesfaglege utdanningsprogram.</p> <p>Fylkeskommunen opplyser å særleg ha arbeidd med den førebyggjande innsatsen knytt til fråfall.</p> <p>Basert på det som kjem fram i undersøkingane, vurderer revisjonen at risikoen knytt til oppfølgingstenesta er noko redusert dei seinare åra.</p> | |
| 3 | Innkjøp | | | | Gjennomført | |
| 4 | Musea i Sogn og Fjordane | | | | Gjennomført | |
| 5 | Havbruk og fiskeri | <ul style="list-style-type: none"> Organisering Fylkeskommunen si rolle innan sjømatnæringa Mål og resultat <p>Havbruk og fiskeri er eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylkeskommunen skal ifølgje budsjett og økonomiplan 2016-2019 ha ei utviklarrolle innan sjømatnæringa.</p> | Eit viktig område for næringsutviklinga i fylket. | | Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at risikoen er endra dei siste åra. | |
| 6 | Universell utforming | <ul style="list-style-type: none"> Mynde- og ansvarsforhold Fokus og koordinering System og rutinar <p>Universell utforming er eit tema som grip inn i fleire sider ved fylkeskommunal drift og tenester, frå kollektivanbod til planarbeid og utforming av fylkeskommunen sin nettstad.</p> | Risiko for at det er område der målet om universell utforming ikkje vert oppfylt. | | Det blir opplyst at bygge- og eigedomsavdelinga er merksame på krav om universell utforming, både i samband med nybygg og rehabilitering av eldre bygg. Fylkeskommunen har seld ein del eldre bygg dei seinare åra, så ev. utfropringa knytt til universell utforming ved desse er ikkje lenger relevant. Det | |

| | | | |
|----|---|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> <i>Kunnskap og kompetanse</i> <i>Prioritering av tildelte midlar</i> | <p>Det går fram av budsjett og økonomiplan 2016-2019 at det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda.</p> | <p>blir peika på at kravet er generelt, og ikkje berre gjeld bygg.</p> <p>Basert på det som kjem fram i undersøkinga, er det noko redusert risiko på dette området, men revisjonen vurderer risikoen framleis som middels.</p> |
| 7 | Tilpassa opplæring og spesialundervisning | <p>Det går fram av undersøkinga at det vert opplevd som vanskeleg å få gjennomført enkeltvedtak knytt til spesialundervising.</p> <p>Det går også fram at det kan vere utfordrande å sikre tilpassa opplæring for alle elevar i skulane.</p> <p>Det går fram at enkelte av skulane opplever at det er knapt med ressursar og kapasitet.</p> | <p>Risiko for at elevane sine rettar til spesialundervisning etter § 5-1 ikkje vert oppfylt.</p> <p>Risiko for at elevane ikkje får tilstrekkeleg tilpassa opplæring, jf. oppl. § 1-3.</p> <p>Det er variasjonar i budsjetta og rekneskapen på området. Dette er fordi budsjettpostane er anslagsløyvingar, og sårbare for endringar hos enkeltelevar.</p> <p>Fylkeskommunen har innført nye rutinar i PPT og i skulane, både knytt til vedtakskompetanse og det faglege.</p> <p>Ifølgje fylkeskommunen er risikobilete likevel i hovudsak uendra, samtidig som dei ønskjer at ein eventuell revisjon blir gjort først mot sommaren 2019, slik at nye rutinar og praksis får etablert seg skikkelig.</p> |
| 8 | Karriererettleiing i vidaregåande skule | | |
| 9 | Reiseliv | | |
| 10 | Digitale verktøy og digital kompetanse | <p>Det vert stilt spørsmål ved om digitale læremiddel er innført i samsvar med planane, og om arbeidsverktøya som er i bruk er gode nok.</p> <p>Det blir også påpeikt at det er ein stor overgang frå dei «offisielle systema» til ulike sosiale medium i skulen, og at det er ulik praksis mellom dei ulike skulane.</p> | <p>Risiko for at dei digitale verktøy i undervisninga ikkje får ønskt effekt.</p> <p>Risiko for at elevane ikkje får den digitale kompetansen som dei bør ha.</p> <p>Bruk av sosiale medium kan føre til utfordringar knytt til informasjons-tryggleik og etterleving av personopplysningslova.</p> <p>Med omsyn til digitale verktøy, viser fylkeskommunen til NDLA og forvalningsrevisionane av NDLA.</p> <p>Fylkeskommunen gjennomfører faste faglege samlingar på skulane der digital kompetanse er tema.</p> <p>Revisjonen vurderer risikoen på området som noko redusert, men framleis høg.</p> |

| | | | | | | |
|----|--|--|---|--|--|--|
| 11 | Tannhelsetenesta | Personellmangel, permisjonar og sårbar klinikkstruktur. Det vert stilt spørsmål i undersøkinga om dei som har krav på gratis behandling får gode nok tenester. | Utfordrande å sikre at ein bruker tilstrekkeleg tid på prioriterte grupper (bl.a. unge). Manglande effektivitet i ressursbruken i tenestene. Nedprioritering av folkehelsearbeid (t.d. informasjonsarbeid til skular, barnehagar og foreldre) | Fylkestinget har vedteke ein ny tannhelsestruktur, der talet tannklinikkar skal reduserast frå 28 til 18 innan 1. januar 2019. Arbeidet med ny strukturen er pågående. Utfordringane knytt til rekruttering av personell er utbeta dei seinare åra. Samla sett vurderer revisjonen risikoen som redusert. | | |
| 12 | Vegvedlikehald | Økonomi. | Kan føre til stengde og i verste fall farlege vegar. | I budsjettet for 2018 går det fram at ei av hovudprioriteringane i samferdslebudsjettet er satsing på vegvedlikehald, særleg innanfor tunnelvedlikehald (sjå under). Det blir opplyst at fylkeskommunen følgjer vedtekne planar knytt til vegvedlikehald, og at risikoen ikkje er endra dei seinare åra. | | |
| 13 | Opplæring av minoritets-språklege og mindreårige asylsøkjarar | Nyankomne ungdommar har rett til vidaregåande opplæring dersom dei har gjennomgått opplæring på nivå med norsk grunnskule. Dei har og rett til særskild språkopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje vanleg opplæring i skulen. Det går fram at det kan være vanskeleg å sikre opplæring av minoritets-språklege. Det er ikkje alltid denne gruppa kjenner til rettane sine. Mindreårige asylsøkjarar har rett til vidaregåande opplæring dersom det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg meir enn tre månader (oppl. § 3-1, tolvt ledd). Det går fram av undersøkinga at det kan vere utfordrande å sikre dette. | Risiko for at elevar ikkje får den opplæringa dei har krav på. | Om lag halvparten av dei i underkant 300 vaksne som søkte vidaregåande opplæring i 2016, var minoritetsspråklege. Dette er ein auke på omlag 50 % frå året før. Majoriteten er busette flyktningar med variabel skule- og yrkesbakgrunn og med behov for omfattande opplæring. Det er oppretta innføringsgrupper for minoritetsspråklege vaksne, og det er blei sett i gang fleire grupper for grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom (GMU). GMU skjer i samarbeid med kommunane i fylket. Fylkeskommunen har ei eiga ressurs som mellom anna arbeider med oppfølging av minoritetsspråklege. Risikoen blir vurdert som uendra frå 2016. | | |

2.2.2 Uprioriterte prosjekt¹

| Nr. | Område og tema | Årsak | Verknad | Risiko 2016 | Risiko 2018 |
|-----|---|--|---|---|---|
| 14 | Økonomistyring og rutinar | Knappe ressursar og innsparingskrav set ekstra krav til god økonomistyring. Innanfor den sentrale økonomifunksjonen har ein ei tid hatt ei bemanningsutfordring. | Risiko for at ein ikkje klarer å halde budsjett. Risiko for at ein ikkje i tilstrekkeleg grad klarer forutsjå budsjettavvik tidleg nok. |  | Ressurssituasjonen i den sentrale økonomifunksjonen er utbetra dei siste to åra. Risikoen er redusert.  |
| 15 | Internkontroll <ul style="list-style-type: none">• System og rutinar• Kompetanse | Det kjem fram i undersøkinga at enkelte opplever at system for avviksregistrering og avviksoppfølging ikkje er tilfredsstillande. Det kjem også fram at det kan vere utfordrande å prioritere utvikling av kvalitets- og internkontrollsysteem. Vidare vert det påpekt at det er viktig med robuste internkontrollrutinar knytt til økonomiområdet. Det går også fram av undersøkinga at det er noko usikkerheit om kor godt dei etiske retningslinjene er implementert i organisasjonen. Det kjem fram at det er varslingsrutinar, og at bedriftshelsetenesta har ei rolle i handtering av varslingssaker, men det er ikkje noko varslingskomité eller eksterne varslingskanal. | Mangefull handsaming av avvik aukar risikoien for at uønskte hendingar ikkje vert avdekt eller følgje opp på ein god måte. Manglende internkontrollrutinar kan auke risikoien for mislegheter. |  | Fylkesrådmannen utarbeidde i 2016 eit revisert delegeringsreglement, som er ein del av internkontrollsysteemet. Vidare er det etablert eit varslingssystem i fylkeskommunen. Det blir vist til forvalningsrevisjonane av arkiv og offentlegheit og innkjøp, som avdekkja at rutinar ikkje alltid er på plass. Det blir òg peika på at den pågåande forvalningsrevisjonen av HMT og IA vil overlappe i nokon grad med internkontrollspørsmål. På bakgrunn av det som kjem fram i undersøkingane, vurderer revisjonen risikobilete knytt til internkontroll som i hovudsak uendra.  |
| 16 | Balansert målstyring | I undersøkinga vert det stilt spørsmål ved om den balanserte målstyringa fungerer etter intensjonen. Det vert peikt på, frå enkelte einingar, at nokre av måla er vague, eller at ein ikkje har tilgjengelege verkemiddel for å nå måla. | Risiko for at styringssystemet ikkje fungerer på ein effektiv måte. Risiko for dårlig ressursutnytting. |  | Det har ikkje kome fram opplysingar som tilseier at risikonivået innan området er lågare eller høgare i dag enn i 2016. Revisjonen meiner difor det er grunnlag for å framleis vurdere risikonivået for dette området som middels.  |

¹ Områda i tabellane under er nummerert for å lette lesinga, og ikkje nokon indikasjon på forslag til prioritering eller vesentlegheit/viktigkeit av prosjekta.

| | | | | |
|----|--|---|---|---|
| 17 | Informasjons-tryggleik | Stadig meir informasjon vert handsama i ulike elektroniske system. Dette gjeld også ulike former for personsensitiv og fortruleg informasjon. | Manglende oversikt og kontroll over informasjonen som fylkeskommunen handterer kan føre til at opplysningar kjem på avvegar, eller at viktig informasjon forsvinn eller blir utilgjengeleg. |  Den nye personvernlova (GDPR) blir implementert i Noreg i mai 2018. Dei nye reglane medfører at alle kommunar og fylkeskommunar får fleire og strengare plikter enn tidlegare.  Fylkeskommunen har pågående eit omfattande GDPR-prosjekt. Fleire av momenta i det nye regelverket er allereie på plass (personvernombod saman med Hordaland fylkeskommune og sertifiseringar av IKT-tenesta). Dei er i prosess med å etablere eit verktøy for å halde oversikt over personopplysningar som blir handsama i fylkeskommunen. Dei nye krava er strenge, og endringane som må gjerast for å imøtekome desse er omfattande, så revisjonen vurderer risikoene på dette området som høg. |
| 18 | Oppfølging av regional planstrategi | Enkelte gjev uttrykk for at fylkeskommunen i for liten grad klarar å hente ut dei ønskete effektane av dei regionale planane, til dømes innanfor område som næring og regional utvikling. | Risiko for manglende måloppnåing. |  I 2016 vedtok fylkestinget ein ny regional planstrategi. Regional transportplan er rullert som planlagt, og vedteke i desember 2017. Det blir peika på at fellesnemnda etter planen skal gjere vedtak om felles planarbeid for den framtidige regionen Vestland. Dette kan ha konsekvensar for det pågående planarbeidet i fylkeskommunen, og slik også konsekvensar for kva mål det skal styrast etter. Revisjonen vurderer at det på området framleis er middels risiko. |
| 19 | HMT-systemet og inkluderande arbeidsliv | | | |
| | | | Pågående | |
| 20 | Tilsettingar | Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om stillingsannonsar i fylkeskommunen vert utforma på ein måte som i for stor grad kan verke ekskluderande. | Risiko for at ein ikkje tilset dei beste potensielle kandidatane. |  Det har ikkje kome fram opplysningar i revisjonen sine undersøkingar som tyder at denne risikoene er endra. |
| 21 | Forvaltning og vedlikehald av | Det vert påpeikt i undersøkinga at fylkeskommunen forvaltar store eigedomsverdiar. Det er viktig med gode system for | Manglende vedlikehald kan få store konsekvensar |  Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i skulebyggja i fylkeskommunen i 2016. |

| | | | | |
|----|---|---|--|---|
| | fylkeskommunale bygg | forvaltninga av denne eigedomsmassen når det gjeld det å ta vare på eller forvalte eigedomane til fylkeskommunen på ein god måte. | for brukarar av bygga, og for den fylkeskommunale økonomien. | Det kjem elles fram i undersøkingane at bygge- og eigedomstenesta handterer forvaltninga av eigedomsmassen bra, men at det alltid vil vere ein viss risiko for feil. Revisjonen vurderer risikoen på området som uendra. |
| 22 | Mobbing/psyko-sosialt læringsmiljø | Mobbing har vore oppe som tema jamleg i fylkestinget. Det er innført ordning med elevombod som mellom anna skal arbeide med denne problematikken. Det vert peikt på at det er viktig at elevane som er utsett for mobbing får den hjelpa dei treng. | Kan ha alvorlege konsekvensar for dei elevane som vert utsett for mobbing. |  Nytt kapittel 9 A i opplæringslova lovfestar nulltoleranse mot mobbing i skulen, og skjerpar inn aktivitetsplikta til skulane. Endringa i lova har ifølgje fylkeskommunen ført til auka merksemnd knytt til mobbeproblematikk. Vidare skal fylkeskommunen følgje opp kravet frå regjeringa om å tilsette eit eget mobbeombod. Endringane i opplæringslova er omfattande, og pålegg fylkeskommunen skjerpa pliktar. Revisjonen vurderer difor risikoen på området som høg.  |
| 23 | Opplæring i institusjonar | Fylkeskommunen har plikt til å oppfylle retten til grunnskule- og vidaregående opplæring for barn som er plassert i institusjon etter barnevernlova og i helseinstitusjonar som eit regionalt helseføretak eig. Det går fram av undersøkinga at det kan vere utfordrande å oppfylle denne plikta. | Risiko for at barn plasserte i institusjonar ikkje får den opplæringa dei har krav på. |  Revisjonen finn i sine undersøkingar ingen indikasjonar på at risikoen er endra.  |
| 24 | Oppfølging av lærlingar og lærebodrifter | Det vert påpeikt i undersøkinga at nokon ikkje opplever det er tilstrekkeleg med kunnskap om kor godt ein lukkast med å følgje opp lærebodrifter. Det vert også peikt på at fylkeskommunen skal stille krav i enkelte anbod om at leverandørar er lærebodrifter, og at dette kan vere eit aktuelt område å følgje opp. | Risiko for at fagopplæringa ikkje blir tilstrekkeleg god Risiko for fråfall. |  Det blir vist til at oppfølginga av forvaltningsrevisjon av fagopplæring blei avslutta for knapt eit år sidan. Risikoen blir vurdert som uendra.  |
| 25 | Tilrettelagt transport/service-skyss | Det vert stilt spørsmål i undersøkinga om kommunane, som har ansvar for legge til rette for serviceskyss kjenner til denne ordninga. | Risiko for at brukarar ikkje får dei tenestene dei har krav på. | Sogn og Fjordane har vore med i ei utvida TT-ordning for blinde/svaksynte og rullestolbrukarar i andre halvdel av 2017. Ordninga er finansiert av midlar frå Samferdselsdepartementet.  |

| | | | |
|----|------------------------------|---|---|
| | | Det er ein del av kommunane som ikkje brukar dei tildelte midlane på området. | Når det gjeld serviceskyss blei nye retningslinjer sett i kraft 01.01.18. Kommunar som ikkje har serviceskyssstilbod i dag får oppretta ruter i sin kommune dersom dei ønskjer det. Det er sett av 4,5 mill. kr til serviceskyss i 2018. Risikoen på området er noko redusert, men er framleis vurdert å vere middels. |
| 26 | Tunneltryggleik | I 2014 vart det vedteke forskrift for tunnel-sikkerhet. Det går fram av årsrapport for 2015 at tunnelvedlikehald er høgt prioritert, og det er vedteke ein eigen plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet. Brannen i Skatestraumtunnelen i juni 2015 førte til store skadar. | Fare for alvorlege skadar på materiell og menneskeliv. Store midlar vert brukt på området. Budsjett 2018 skildrar ei særskilt satsing på tunnelrehabilitering. Det blir opplyst at det totalt er løyvd om lag 1,5 mrd. til tunneltryggleik i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har fått utsetting på å følge krava i forskriften til 2025. Det har kome signaler om at overføringane frå staten tek slutt i 2020. Det er då risiko for at fylkeskommunen ikkje klarar å følgje opp eigen plan for tunnelvedlikehald, og heller ikkje krava i forskriften. Revisjonen vurderer risikoen på området som fortsatt høg. |
| 27 | Transportberedskap | Sogn og Fjordane er eit sårbart fylke når det gjeld transportberedskap. Det kan vere vanskeleg å få sett i verk alternative transportmiddel ved behov. | Manglande transportberedskap kan få store konsekvensar dersom det oppstår omfattande, langvarige stengingar av samferdsleårer Det har ikkje kome fram opplysningar som indikerer at risikoen på dette området er vesentleg endra. |
| 28 | Skuleskyss | Opplæringslova gjev retningslinjer for kva elevar som skal ha rett på gratis skuleskyss. Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved om like saker vert behandla likt i søknader om skuleskyss. | Fare for manglande likebehandling. Fare for at elevar ikkje får dei skyssstenestene dei har krav på. Fylkeskommunen opplyser at dei har fokus på likebehandling av elevar. Det har vore dømer på klagar til fylkesmannen på skuleskyssakar. Fylkeskommunen har fått medhald i desse. Risikoen blir vurdert å vere uendra. |
| 29 | Kommunale næringsfond | Fylkeskommunen tildelar midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane til å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv. | Risiko for at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll med bruken av midlane. Det blir vist til at overføringane til kommunale næringsfond er nesten halvvert i løpet av få år, og skal reduserast ytterlegare i åra som kjem. Det er heller ikkje sikker at dei skal fortsette med denne ordninga, dels pga. samanslåinga med |

| | | | |
|----|-----------------------------------|--|--|
| | | | Hordaland (som har organisert dette annleis), og dels då mykje av føremålet blir ivaretatt av Innovasjon Noreg. Det kjem ikkje fram noko i undersøkingane som tyder at risikoen for manglende kontroll med bruken av midlane er redusert dei seinare åra, men vesentlegheita knytt til denne risikoen er likevel redusert då summane er mindre. Risikoen er i sum uendra. |
| 30 | Den kulturelle skulesekken | Fylkeskommunen administrerer tilbodet om den kulturelle skulesekken til elevane i fylket. Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om i kva grad ein har oppnådd måla for ordninga. | Risiko for manglende målopnåing. Det blir stilt krav om pedagogisk opplegg i samband med tildelinga av midlar i Den Kulturelle Skulesekken. Framleis er det uklårheiter knytt til kva regelverk som regulerer fordeling av midlar gjennom Den Kulturelle Skulesekken. Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at risikoen på dette området har endra seg dei seinare åra. |
| 31 | Kulturstrategi | Kulturstrategi 2015-2018 har peikt ut satsingar og strategiar for kulturarbeidet. Det er også utarbeidd handlingsprogram i samband med strategien. Det vert stilt spørsmål om ein klarer å nå måla innanfor kulturfeltet. | Risiko for manglende målopnåing. Fylkeskommunen arbeider med ny regional plan for kultur. Denne vil erstatta kulturstrategien, og ha ein annan status. Planutkast skal på høyring 31. mai. Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at risikoen er vesentleg endra dei seinare åra. |
| 32 | Næringsstilskot | Det vert i undersøkinga stilt spørsmål ved om søknader om ulike former for prosjekttilstskot vert likebehandla. | Risiko for forskjellsbehandling. Risiko for at dei viktigaste prosjekta ikkje blir prioriterte. Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at risikoen er endra dei seinare åra. |
| 33 | Internasjonalt arbeid | Det internasjonale arbeidet til fylkeskommunen er styrt av den internasjonale strategien som vart vedteken i 2014. I undersøkinga vert det stilt spørsmål om denne er følgt opp, og det vert gjeve uttrykk for at det ikkje er gjeve tilstrekkeleg rapportering tilbake til politisk nivå. | Risiko for manglende målopnåing innanfor det internasjonale arbeidet. Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at risikoen har endra seg dei seinare åra. |

| | | | |
|----|---|---|--|
| | | Det vert påpeikt at ein ikkje har gjort like mykje arbeid på dette området som i enkelte andre fylke. | |
| 34 | Økonomistyring i tannhelsetenesta | <p>Krav om inntening. Personellmangel. «Snill» praksis knytt til bruk av takstar. Mange pasientar avbestiller timer på kort varsel. Har ikkje kapasitet til å ta imot vaksne, betalande pasientar.</p> | <p>Utfordrande å nå budsjetta.</p> <p></p> <p>Det har ikkje kome fram opplysningar som rokkar ved risikovurderinga frå 2016.</p> <p></p> |
